

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 11. oktober 2019 10:23
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 35/2019, 11. OKTOBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 35/2019, 11. OKTOBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.
Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.
Arkiv med tidlegare nyhendebrev:
<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

NY REKORD: NESTEN 4.400 STUDENTAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er hausten 2019 registrert ca 4.380 studentar ved Høgskulen i Volda. Det er fleire enn nokon gong tidlegare. Dei siste åra har høgskulen hatt i overkant av 4.000 studentar. Auken dei siste åra kjem hovudsakleg frå studentar som tek etter- og vidareutdanning på nett og samlingar i Volda eller i regionen. Høgskulen har ikkje fått tildelt fleire nye studieplassar frå Kunnskapsdepartementet på bachelor- og masterstudium på fleire år, så mange nye studentar gjer det trongare på høgskulen, både når det gjeld parkeringsplassar, undervisningslokale og i budsjetta.

DISPUTAS: ELLEN STRØM SYNNEVÅG DISPUTERER VED UNIVERSITETET I BERGEN

Ellen Strøm Synnevåg disputerer fredag 11. oktober 2019 ved Universitetet i Bergen, psykologisk fakultet. Ho har skrivne ei doktorgradsavhandling om folkehelse i samfunnsplanlegging og rettleiarar har vore professor Roar Amdam (HVO) og Elisabeth Fosse (UiB). Les meir om disputasen her:
<https://www.uib.no/psyfa/129958/disputas-ellen-str%C3%B8m-synnev%C3%A5g>

STATSBUDSJETTET 2020: BUDSJETT I UNDERKANT FOR HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulen i Volda får i 2020 eit budsjett som i hovudtala er nokså likt 2019-budsjettet. Leiinga ved høgskulen er skuffa over at høgskulen misser to stipendiatstillingar og at det ikkje er gitt noko signal om utstyr til det nye mediehuset.
<https://www.hivolda.no/nyhende/budsjett-underkant-hogskulen-volda>

STATSBUDSJETTET (2): 212 MILLIONAR KRONER TIL NYBYGGET

I framlegget til Statsbudsjett for 2020 er det sett av 212 millionar kroner til det nye mediehuset. Det er i tråd med det som er venta.

STATSBUDSJETTET (3): AUKA STØTTE TIL ORDBOKSARBEID

I framlegget til statsbudsjett for 2020 ønskjer regjeringa å satse meir på arbeid med språk, blant anna til ordboksarbeid. Universitetet i Bergen sitt arbeid med dei norske språksamlingane ligg an til å få ein auke på ca 2 millionar kroner. Høgskulen i Volda samarbeider tett med Universitetet i Bergen på dette feltet og det er planlagt auka aktivitet også i Volda - spesielt i retning av elektroniske språksamlingar (tekstkorpus).

HVO BIDREG TIL FAGLEG DUGNAD I ATLANTERHAVSPARKEN I ÅLESUND

Tilsette og studentar på Institutt for realfag på AHL skal bidra til å gje barnehagebarn og skuleelevar ei lærerik oppleving i Atlanterhavsparken (akvariet i Ålesund). Målet er at å bygge eit senter i Atlanterhavsparken der alle barn i regionen får tilbod om å kome innom 2-3 gongar i løpet av barnehagetida og skuleløpet. Læringsopplegga skal IKKJE vere digitale og barna skal lære noko realfagleg ved å eksperimentere sjølve, utan innspel frå lærar eller andre. Førsteamanuensis Eirik Søvik representerer Høgskulen i Volda i ei planleggingsgruppe for senteret.
Eirik Søviks nettside: <https://www.hivolda.no/tilsette/institutt-realfag/eirik-sovik>

DET "NYE" UTDANNINGSUTVALET HAR HATT SITT FØRSTE MØTE

Høgskulestyret har endra namn, mandat og samansetting av tidlegare Strategisk studienemnd. Det heiter no Utdanningsutvalet og består no av prorektor (leiar), 2 studentrepresentantar, 4 faglege tilsette og 4 dekanar. Rektor

utnemnde i starten av oktober Ingeborg Berget, Harald Endre Tafjord, Wenche Torrisen og Kjetil Vaage Øie som faglege representantar i utvalet. I tillegg har studentparlamentet utnemnt Mathilde Gaalaas-Berg og Anders Viktor Kvikne som studentmedlemar. Det nye utvalet hadde sitt fyrste møte onsdag 9. oktober. Blant sakene som var oppe var evaluering av eksamen, opptak og studiestart. Saksdokumenta til sist møte finn de her:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/277116>

FORSKINGSUTVALET: VIL LYSE UT OPNE STIPENDIATSTILLINGAR

Forskningsutvalet vedtok i førre møte 3. oktober å lyse ut inntil fire stipendiatstillingar. Høgskulen ønskjer seg gode doktorgradsprosjekt og utlysinga er difor open, men følgande tema er særleg ønska av høgskulen:

- Barnehagepedagogikk
- Skriftkulturar
- Samfunnsfagsdidaktikk med vekt på bærekraftperspektiv
- Kreativ visuell kommunikasjon i mediefaga
- Kvinner og motkulturar i norsk historie
- Møre og Romsdal distriktshøgskule Volda og regionen (1969-1994)
- Framtidsferdigheiter med innretning mot praktisk-estetiske fag

Høgskulen har forskingsgrupper på alle desse områda. Her er eit oversyn over Høgskulens forskingsgrupper:

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling-0/forskningsgrupper>

FORSKINGSUTVALET (2): SÅKORNMIDLAR TIL FEM PROSJEKT

Forskningsutvalet har tildelt støtte til fem søknader innanfor ordninga med såkornmidlar:

- Paul Bjerke (AMF): Media, profesjonar, tillit og velferd (Kr 100.000).
- Alf Roger Djupvik (ASH): Leiing av lokale NAV-kontor (Kr 100.000).
- Stig Helset (AHL): Nynorsk skriftkultur (Kr 59.000)
- Marie N. Sørbo (AHL): Women Writers in Past European Culture (Kr 100.000)
- Wenche Torrisen (AKF): Shared Reading/Felleslesing (Kr 100.000).

Det kom inn søknader på til saman over 1,5 mill. Ordninga heiter "Såkornmidlar" fordi målet med ordninga er at prosjekta som får støtte skal kunne føre til tilslag på større prosjekt seinare. Forskningsutvalets nettsider:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207560>

FORSKINGSUTVALET (3): OKKENHAUG NESTLEIAR I FORSKINGSUTVALET

Professor Inger Marie Okkenhaug (ASH) vart valt til nestleiar i Forskningsutvalet i førre møte i utvalet, 3. oktober 2019. Leiar for utvalet er rektor.

NOKUT SKIFTA STIKKPRØVA FRÅ SOSIONOM TIL MUSIKK

Det statlege kvalitetsorganet NOKUT skal som tidlegare meldt vurdere kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda. Dei skal blant anna ta stikkprøver på bachelor, master og phd-programmet vårt. Her har det skjedd ei endring ved at NOKUT først foreslo å undersøke sosionomstudiet. Høgskulen peika på at sosialfaga nett har vore gjennom ei omfattande vurdering, og at tre av dei fire foreslåtte programma var ved Avdeling for samfunnsfag og historie. NOKUT har no kome med ny melding og det er bachelorutdanninga i musikk ved Avdeling for kulturfag som vil bli med i tilsynet. Så dei utplukka studia er altså: Bachelor i musikk og journalistikk (avis/nett), master i kulturmøte og Ph.d. i helse- og sosialfag (fellesgrad).

TINGING AV ROM, VÅREN 2020: FRISTEN ER 15. OKTOBER

Fristen for å kome med ønske om tinging av undervisningsrom for våren 2020 er 15. oktober. Her er alle undervisningsromma på Høgskulen i Volda:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/fellesadministrasjonen/drift/undervisningsrom>

HVO-GENSARAR OG T-SKJORTER I AKADEMIKA-BOKHANDELEN

Bokhandelen Akademia har teke over sal av HVO-profilartiklar, som vi tidlegare hadde i eigen nettbutikk. Dermed kan studentar og tilsette finne gensarar, t-skjorter og meir til med HVO-logo i bokhandelen på Ivar Aasen-bygget. Tilsette får 20 prosent rabatt ved å vise tilsett kort. Akademia skal også ha varene til sals på nettsida si. Dei har allereie liknande løysingar for fleire høgskular og universitet. Kommunikasjonskontoret vil oppdatere rutinene for kjøp av profilartiklar, gåver og liknande. Mediestudentar har laga ein liten film som syner fram ein del av profileringsartiklane: <https://youtu.be/DTnWo4kMpUk?t=2>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

11.10.2019: Disputas, Ellen Strøm Synnevåg

22.10.-12.11.2019: Studiebarometeret - periode der studentane kan sende inn svar.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte.

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/295988>

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen, Ålesund.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

13.12.2019: Julebord 2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>